

1 Venstres verdigrunnlag.
2
3 Venstres idefundament og ideologi byggjer på menneskeverd, eit liberalt verdisyn, sosialt
4 ansvar og eit økologisk heilskapssyn. Den sosiale liberalismen er den beste form for
5 liberalisme og er grunnlaget for Venstres praktiske politikk.
6
7 Venstre vil arbeide for eit samfunn som byggjer på demokrati, rettsstaten, ein regulert
8 marknadskønologi og eit aktivt sivilt samfunn.
9 Venstre ynskjer at mykje frihet for den enkelte må kombinerast med samfunnsånd og
10 medansvar for å møte fellesskapets behov og utfordringar.
11
12 Menneskeskapte klimaendringer med tap av natur og artsmangfold er vår tids største
13 utfordring. Klima- og miljøpolitikken må derfor overskygge alle øvrige politikkområder.
14 Videre må folkehelseperspektivet gjennomsyre alle samfunnsområder.

15 Visjon : Vestlandsk vidsyn- vidsynt Vestland.

16
17 Frå 01.01.20 dannar fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland regionen Vestland.
18 Regionen med sine vel 630.000 innbyggjarar, vert landets nest største, og utgjer ein stor del
19 av det sentrale Vestlandet.
20 Venstre helsar regionreforma og den nye regionen velkommen. Større regionar vil gje reell
21 desentralisering av makt, oppgåver, ressursar og kompetanse frå staten til fylkeskommunane,
22 og nærmest mogeleg folk og lokalsamfunna det gjeld.
23 Oppgåver overført frå statleg regional forvaltning til et folkevald regionalt nivå, vil også bety
24 ein demokratisering.
25 Reformarbeidet er i startgropa. Målet på sikt må også vere ei naturleg regionsutviding, til ein
26 samla vestlandsregion.
27 Sterkare regionar og desentralisering av makt og oppgåver må også handle om vidare
28 utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo. Det bidreg til å spreie makt, og skaper grunnlag
29 for vekstkriftige bu- og arbeidsmarknader over heile landet.
30 Region Vestland vert ein livskraftig region, med særlege fortrinn og ressursar. Sterkt
31 næringsliv, energifylke (grøn energi), internasjonalt orienterte, kultur, språk, natur og
32 landskap, skule, rein mat - matkultur, frivillighet, språk.
33 Felles kjenneteikn, identitet og historie utgjer ei sterk plattform i ein ny, sterkare
34 Vestlandsregion. Men også dynamikken i det som skil Bergen/Bergensregionen med sin
35 sterke byidentitet og naturleg regionhovudstad, i samspel med godt fungerande tettstader og
36 bygdesamfunn. Vestland Venstre vil arbeide for vekstkrift og samspel mellom Bergen og
37 omlandet, og mellom by og bygd (sikre regional balanse, vekstkrift og gode levekår i heile
38 regionen).
39 Informasjonsteknologien eit kraftig verkemiddel som gjev moglegheiter for å kommunisere
40 og løyse oppgåver uavhengig av geografiske avstandar og barrierar.
41
42

1 Venstre vil:

- 2 • arbeide for at ytterlegare oppgåver blir overførte frå staten til folkevalde regionar, til
3 dømes barnevern , kulturoppgåver og sjukehus
- 4 • at regionane får større mynde over eigne ressursar og økonomi, bl.a. gjennom
5 omfordeling og skatteinkrekning
- 6 • flytte ut og spreie statlege arbeidsplassar til alle deler av regionen
- 7 • lokalisere statlege arbeidsplassar og institusjonar i regionane slik at dei fremmar god
8 lokal by- og regionssenterutvikling
- 9 • vidareutvikle sterke kompetansemiljø i heile regionen
- 10 • styrke felles identitet – fremje viktige kulturberarar–
- 11 • auke det internasjonale samarbeidet, særleg innan klima og kulturspørsmål.
- 12 • Hordaland sitt engasjement i Nordsjøsamarbeidet må vidareførast og styrkes for heile
13 regionen.
- 14 • Styrke Vestlands Brüsselkontor

15

16

17

18

19

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

44

1 Eit grønare Vestland

2
3 Menneskeskapte klimautfordringar og tap av natur og artsmangfald er vår tids største
4 utfordring. Å kutte klimagassutslepp, bevare naturen og forvalte jorda sine ressursar på ein
5 berekraftig måte er naudsynt for å sikre jorda for generasjonane som kjem etter oss, men det
6 gjer også nye moglegheiter for god livskvalitet og verdiskaping. Venstre vil derfor gjere det
7 enklare for innbyggjarane i Vestland å velje miljøvennleg, uansett om ein bur i by eller bygd.
8 Venstre vil leggje til rette for at næringslivet skal kunne satse på grøn innovasjon og fornying,
9 og bygge framtida på nye og konkurransedyktige næringar. Vestland Fylkeskommune skal
10 sende tydelege signal om at den fossile alderen er over, gjennom innkjøp, reguleringar og
11 økonomiske verkemidlar.

12 Miljø og klima

13 Venstre vil:

- 14 • Setje fornybar energi og teknologi først i all næringspolitikk
- 15 • Arbeide for å redusere utslepp av miljøgifter og førekost av miljøgifter i sjø,
16 samt være svært restriktive til nye utsleppsløyve og sei klart nei til
17 gruvedumping i fjordane våre
- 18 • Auke satsinga på utbygging og utvikling av fornybar energi
- 19 • Prioritere biodrivstoff frå avfall og anna, framfor biodrivstoff laga av mat.
- 20 • Revidere fylkesdelplan for vindkraft
- 21 • Elektrifisere bilparken
- 22 • Gjennomføre ein overgang frå fossilt brensel til fornybar energi
- 23 • Fremje bygging i tre i alle nye bygg
- 24 • At alle fylkeskommunale verksemder skal miljøsertifiserast og alle
25 eigendomsprosjekt i fylkeskommunale regi skal ha passiv- eller plusshus-
26 standard eller tilsvarande og skal fortrinnsvis byggast i tre.
- 27 • at alle kommunane i Hordaland skal bli klimanøytrale og at alle kommunale og
28 fylkeskommunale innkjøp skal vere miljømerka.
- 29 • Jobbe for utsleppsfree byggjeplassar
- 30 • Innføre tiltak for å produsere meir marin biomasse til mat- og energiproduksjon

31 Naturvern

32 Venstre vil:

- 33 • Ta vare på det biologiske mangfaldet ved grundigare kartlegging og gjennom aktiv
34 bruk og vern
- 35 • Styre utbygginga av kraftverk i samsvar med vedtekne planar og legge vekt på
36 landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald
- 37 • Ha ei berekraftig oppdrettsnærings

- 1 • Unngå høgspentliner i luftspenn der det kjem i konflikt med viktige naturvernomsyn
2 • Prioritere vasskraftutbygging med magasin og utbygging der det er naturinngrep frå
3 før, og unngå/avgrense vasskraftutbygging i urørd natur
4 • Halde fram ordningar som sikrar nasjonale laksefjordar og laksevassdrag
5 • Samarbeide med lokale turlag og historielag om å kartlegge og gjere tilgjengeleg
6 kulturminne i Vestland fylke.
7 • Beskytta trua arta gjennom skjøtsels- og vernetiltak, og kjempe framende, skadelege
8 arta
9 • Redusere bruken av vegsalt, spesielt i områder der det skader naturen rundt
10 • Sikre reine fjordar i Vestland, fri for plast og anna forureining
- 11
- 12
- 13
- 14
- 15
- 16
- 17
- 18
- 19
- 20
- 21
- 22
- 23
- 24
- 25
- 26
- 27
- 28
- 29
- 30
- 31
- 32
- 33
- 34
- 35
- 36
- 37
- 38
- 39
- 40
- 41
- 42
- 43

1 **Vidaregåande skule**

2
3 Skuleeigarane si rolle er å setje skulane og lærarane i stand til å gjere jobben sin på ein best
4 mogleg måte, og å sikre både valfridom for den einskilde, og ei god geografisk spreiing av
5 skular i fylket.

6
7 Venstre vil gjennomføre dette i praksis ved å auke handlefridomen i skulen.

8
9 Ordninga med fritt skuleval for elevane må halde fram i det nye Vestlandsfylket, slik at
10 elevane får moglegheit til å velje skule kvar dei vil i heile det nye fylket. Samstundes ser
11 Venstre det som viktig at elevar i så stor grad som mogleg skal kunne gå på skule i sitt eiga
12 nærmiljø, noko som må sikrast gjennom å sikre gode skulemiljø i nærområda og god
13 valfridom når det gjeld linjetilbod på alle skular, og vil vurdere opptakskriteria på ein slik
14 måte at dette kan sikrast .

15
16 Venstre vil stille seg positiv til at det vert etablert friskular i Vestland fylke, under føresetnad
17 at dei fyller eit pedagogisk eller livssynsmessige behov og ikkje er kommersielle.

18
19 Om skular ynskjer prøveprosjekt med toppklassar, må dei få høve til det. Skulane bør også
20 kome i gang med prøveprosjekt som opnar for at nokre elevar kan fullføre vidaregåande på to
21 år.

22
23 Alle lærermiddel skal ligge føre på nynorsk og bokmål til same tid. Elevane må sikrast god
24 opplæring i både hovud- og sidemål.

25
26 Så lenge fråversreglane i vidaregåande skule vert oppretthaldt er det viktig å sikre at elevane
27 er sikra moglegheita for legemeldt fråvær på ein enkel og effektiv måte når vilkåra er oppfylt.

28
29 Venstre er opptatt av at alle elevar i vidaregåande skule vert sikra opplæring på sitt eige nivå,
30 og at det må leggjast til rette for tilpassa opplæring for elevar med ekstraordinære behov knytt
31 til dysleksi, lærevanskar, språk mv. Det er viktig at alle skular i Vestland har lærarar som har
32 særskilt kompetanse knytt til slike vanskar. Alle våre skular skal vere dysleksivenlege skular.

33
34 Venstre vil:

- 35
- 36 • Sikre at skulestrukturen i Vestland fylke framleis er desentralisert og gje elevane god
37 moglegheit for plass på nærskulen.
 - 38 • Sikre fortsett fritt skuleval for heile regionen
 - 39 • Redusere fråfallet i skulen
 - 40 • At alle skular i Vestland skal være universelt utforma og tilpassa alle grupper elevar.
 - 41 • Sikre at alle elevar i vidaregåande skule får dei undervisningstimane dei har krav på
 - 42 • Gje lærarane meir tid til undervisning gjennom reduserte krav til rapportering.

- Auke satsinga på internasjonalisering for elevar i den vidaregåande skulen på studiespesialiserande og yrkesfag.
- Dimensjonere utdanningstilbodet i den vidaregåande skulen meir i samsvar med næringslivet sine behov
- Utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule
- Oppretthalde Manger folkehøgskule som eit senter for korpsmusikk
- Gje høve til eksamen om sommaren, og for dei som ikkje tek sommarskule
- Fagskulane må vidareutviklast, i nært samarbeid med vidaregåande- og høgskular
- Arbeide for at livsmeistring vert fag i vidaregåande opplæring
- Sikre ei god seksualundervisning på vidaregåande skule
- Seie nei til narkotikaaksjonar med hund på vidaregåande skular i Vestland

Skolemiljø og førebygging av fråfall i vidaregåande skule

Godt skolemiljø er ein av dei viktigaste faktorane for å motivere elevane til skulegang og unngå fråfall. Å gjere alt som er mogleg for å hindre mobbing og skape gode og inkluderande skolemiljø er ei av fylkeskommunen sine viktigaste oppgåver.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor utfordring for samfunnet. Allereie på ungdomsskulenivå kan effektive tiltak setjast i verk for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen. Det er naudsynt med samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen.

Informasjonsutvekslinga må betrast samtidig som personvernet til elevane vert tatt vare på. Det må være samarbeid mellom ungdomsskulane og vidaregåande skule for å sikre gode overgangar og god rettleiing om karriere- og utdanningsval.

Venstre ser det som viktig å styrke skulehelsetenesta for å redusere fråfallet, og vil også vurdere å ha tilsette på skulen med særskilt ansvar for skule- og elevmiljøet, det være seg i lærarstaben eller særskilde miljøarbeidarar.

Venstre vil at skulane skal tilby gratis leksehjelp/ekstraundervisning til dei som treng det.

Venstre vil setje strengare krav til rådgjevarane sin kompetanse ved at rådgjevarane skal ha ei heilskapleg forståing for samanhengen mellom elevane sine føresetnader, skulane sine tilbod og kva næringslivet treng.

Venstre vil:

- Styrke rådgjevarane si kompetanse og rolle overfor elevar som treng rådgiving om val av studieretning.
- Betre opplysning om alternative vegar til fagbrev
- Prøve ut ordningar for elever med særskilde utfordringar som har mista retten til vidaregåande opplæring.

- 1 • Styrke skulehelsetenesta og gi bidrag til kommunane slik at den kommunale
2 helsesykepleiertenesta vert utvida i vidaregåande skule
3 • ha skulefrukost på alle vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune. Dette kan
4 gjerast i dialog med frivilligheita og kommunane.
5 • Ha ein skulestruktur som gjer eit godt tilbod og i distrikta

6

7

Yrkesfag

8

9 Dei yrkesfaglege studieretningane i den vidaregåande skulen er det viktigaste satsingsområdet
10 for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei viktigaste kjeldene til
11 næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samstundes som utfordringar knytte til fråfall er
12 størst i denne delen av opplæringa.

13

14 Venstre vil auke fokuset på arbeidstrenings og nyetablering ved å styrke samarbeidet med det
15 lokale næringslivet og satse vidare på elevverksemder og gründerkurs. Ein god dialog mellom
16 skulane og næringslivet må bidra til at også nærings- og arbeidslivet sine behov er relevant
17 ved vurderinga av kva opplæring som skal verte tilbydd. Ein sentral del av dette er å styrke
18 elevane sine moglegheita for integrert praksisopplæring i bedrift.

19

20 Elevar på yrkesfag må få høve til ei meir fleksibel læretid, både med omsyn til korleis
21 læretida vert lagt opp, og når det gjeld tidspunkt. Alle elevar bør få læringsplass, og
22 oppfølginga av den einskilde lærling må bli betre.

23

24

25 Venstre vil:

- 26
- 27 • Styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om arbeidstrenings og elevverksemder
28 • Jobbe for at alle lærlingar får lærepllass. Dette inneber at det offentlege må tilby fleire
29 lærepllassar, og at anbodskrav knytt til lærlingar må handhevast og styrkast.
30 • Ha oppfølging og god kontakt mellom skule og lærlingar
31 • Auke satsinga på opplæringskontor
32 • Styrke og utvide ordninga med lærerkandidatar
33 • Gjere det enklare å starte rett i lære etter grunnskule, kombinert med fagleg oppfølging
34 (vekslingsmodellen)
35 • Ha auka satsing på marknadsføring av yrkesfaga
36 • Oppdatere utstyrsparkane slik at dei tilsvara det ein finn elles i arbeidslivet

37

38

Studieførebuande opplæring

39

40 Den studieførebuande opplæringa i Vestland kan styrkast gjennom betre samarbeid med dei
41 høgare utdanningsinstitusjonane i fylket. Venstre vil gjøre det enklare for skulane å gjøre bruk
42 av kompetanse frå universitetet og høgskular, til dømes gjennom å gje skuleelevar høve til å
43 følgje undervisning på høgare nivå.

1
2 Studierådgjevinga må ha kontakt med dei høgare utdanningsinstitusjonane og næringslivet. I
3 tillegg er det viktig med eit større fokus på entreprenørskap og nyetablering, og med det å
4 sikre at elevane er medvitne om korleis dei skal omsetje kunnskap til praktisk nytte og eiga
5 utvikling.

6
7 Venstre vil:

- 8
- 9 • Styrke samarbeidet mellom skulane og dei høgare utdanningsinstitusjonane
 - 10 • Auke fokuset på entreprenørskap og nyetablering i skulen
 - 11 • Ha elevbedrifter på alle vidaregåande skular
 - 12 • Betre studierådgjevinga

13

14

15

16

17

18

19

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

1 SAMFERDSLE

2
3 God infrastruktur er avgjerande for busetnad, miljø og næringslivet. Vestland Venstre har tre
4 hovudprioriteringar i komande periode.
5 Det eine er å ha trygge og framkomelege vegar som kortar ned reisetida internt i regionen. Det
6 andre er å vidareutvikla kollektivtilbodet.
7 Det tredje er å halda fram med utbygginga av digital infrastruktur.
8 I tillegg er Trafikksikring eit gjennomgåande prinsipp i samferdslepolitikken.
9 Gul midtstripa, rassikring, bruk av ferjeavløysingsmidlar, auka vedlikehald og at ferjerutene
10 er tilpassa folket og næringslivet sine behov, er verkemiddel for at vi skal få kortare reisetid
11 på tryggare vegar i den nye regionen.
12 Auka satsing på kollektivtransport er vesentleg for ein berekraftig vekst i Bergensregionen og
13 dei større tettstadane våre. Vi vil at fleire skal kunne velgje kollektivtransport framfor bil.
14 Betre korrespondanse mellom kollektivtransport er viktig for distrikta utanom
15 Bergensregionen.
16 Venstre ynskjer billigare buss i heile fylket.
17 Vidare utbygging av digital infrastruktur er viktig for at den nye regionen skal kunne
18 nyttiggjere seg av heile regionen, og hevda seg i konkurransen om oppdrag og arbeidskraft
19 både nasjonalt og internasjonalt.

20
21 **Båt, buss og drosje:**
22
23 Venstre vil
24
25 • Leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria
26 • Utvikla båtrutetilbodet
27 • Vurdera andre former for serviceskyssordningar enn ordinære rutebussar
28 • Bygge ut innfartsparkering ved kollektivknutepunkt
29 • Arbeide for eit felles billettsystem på all kollektivtrafikk i regionen
30 • Innføre færre soner innan kollektivtilbodet i heile Vestland
31 • Ha eit kollektivtilbod med tilrettelagt korrespondanse i kommunane
32 • Ha samsvar mellom utvikling av kollektivtilbod og innkreyjing av bompengar for
33 utbygging av kollektivtilbod, sykkel og gange i samband med byvekstavtalar
34 • Gje bussen prioritet i lyskryss
35 • Ha ein tydeleg strategi for drosjepolitikken
36 • Vurdere ungdomskort for ungdomsskuleelevar
37 • Ha som mål å utvide «trygt heim-ordninga»
38 • At all offentleg transport skal vere universelt utforma
39 • At Vestland region skal bli godkjent som trafikksikker region
40 • Heve grensa for at barn reiser gratis frå dei er 4 år inntil dei er 10 år
41 • Gjere ungdomskortet tilgjengeleg for ungdom frå og med 10 år til og med 20 år, og
42 redusere prisen tilsvarande nabofylke
43 • Billegare månadskort for studentar, og la studentkort gjelde heile regionen

- 1 • Knyta bysyklane i Bergen opp til månadskort gjennom ei rabattordning
- 2

3 Vegar:

4

- 5 • Prioritere trafikktryggleik og vegvedlikehald
- 6 • Prioritere sambinding av den nye regionen gjennom ein effektiv kyststamveg
- 7 • Sikre gode vegsamband austover for å ivareta næringslivet sine behov
- 8 • Ha kortare reisetid til Bergen og dei andre regionsentera
- 9 • At det skal løvvast vesentleg meir midlar til rassikring, tryggleik og auka standard av
- 10 fylkesvegane
- 11 • Arbeide for at viktige samferdsleprosjekt i regionen vert prioritert høgare i Nasjonal
- 12 Transportplan
- 13 • Sikre tunnelar langs regionale skulevegar med lys
- 14 • Lage ein plan for veglys langs regionale skulevegar
- 15 • Samarbeide med private aktørar, kommunar og stat om utbygging av sanitæranlegg og
- 16 kvileplassar langs vegane
- 17 • Ha trafikksikringstiltak som gjer at alle kan gå og sykle trygt til skule, jobb og
- 18 fritidsaktivitetar
- 19

20 Miljøvenleg transport og mjuke trafikantar:

21

- 22 • Bygge ut gang- og sykkelvegar i regionen
- 23 • At alle nye vegtrasear i tettbygde strok skal ha gang- og sykkelfelt
- 24 • Bidra til endå betre infrastruktur for null- og lågutsleppskøyretøy
- 25 • Stimulere til at tungtransporten, ferjene og båtane vert meir miljøvenleg
- 26 • Auka delen av kostnadane miljøvenlege køyretøy skal betala av kostnadane med
- 27 vegutbygging og kollektivtrafikk
- 28

29 Skinnegåande transport:

30

- 31 • Rusta opp Bergensbana slik at reisetida Bergen-Oslo blir konkurrsedyktig med fly.
- 32 • Gje regionen ansvaret for drifta av Vossebana og å integrere denne i
- 33 kollektivopplegget i Vestland Region.
- 34 • Bygga ut Bybanen til bydelane i Bergen
- 35
- 36
- 37
- 38
- 39
- 40
- 41
- 42

1 Kunst , kultur og frivilligheit:

2

3 Kunst og kultur:

4

5 Kunst og kultur har eigenverdi og skapar refleksjon og innsikt om verdiar, samfunn og kva
6 det vil si å være menneske.

7

8 Kunst og kultur utfordrar og speilar samfunnet vi lev i. Dei er ytringar med
9 samfunnsbyggjande kraft som bidrar til å skape eit ope og tolerant samfunn. Saman med ein
10 sterkt frivillig sektor styrkes demokratiet og vert haldt levande.

11

12 Kunst, kultur og frivilligheita er limet som binder fellesskap og samfunn saman og sikrar
13 sterke, robuste og trygge lokalsamfunn.

14

15 Kulturpolitikken, både nasjonalt, regionalt og lokalt, skal leggje til rette for eit inkluderande
16 samfunn der alle som ynskjer det kan ytre seg, og mangfald, kreativitet og skapartrong
17 utfoldar seg fritt.

18

19 Kunst og kultur er vesentlege og nødvendige bidragsytarar for nærings- og distriktsutvikling i
20 hele region Vestland.

21

22 Bergen er et kulturelt tyngdepunkt i Norge med internasjonalt nedslagsfelt. Staten og Region
23 Vestland må derfor bidra aktivt til vidareføring og vidareutvikling av Bergen som kulturelt
24 fyrtårn.

25

26 Vestland Venstre vil jobbe for at staten erkjenner sitt ansvar for de nasjonale
27 kulturinstitusjonar som ligger i Vestland region. Vestland Venstre vil samtidig arbeide for at
28 fleire oppgåver innan kulturfeltet overførast frå statleg til regionalt nivå.

29

30 Samspelet mellom profesjonelle og frivillige kulturtiltak må styrkes.

31

32 Venstre vil :

33

- 34 • Styrke biblioteket som møtestad for både kulturformidling og integrering
- 35 • prioritere kulturtildeling og kulturformidling til barn og unge.
- 36 • Auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skolesekken og den kulturelle
spaserstokken
- 38 • Sikre satsing på kystkultur og fartøyvern
- 39 • Vidareføre og styrke Vestland som leiande museumsregion
- 40 • Vidareutvikle produksjons- og formidlingsmiljøet for film på Vestlandet
- 41 • Arbeide for nasjonal og regional støtte til markering av Moster 2024- 1000 års
jubileum for innføring av kristenretten i Norge.

1 • Gulathing

2

3 Frivilligheita:

4

5 Frivillige, lag og foreiningar sørger for eit mangfaldig fritidstilbod til alle innbyggjarar og
6 bidrar til aktive, dynamiske og robuste lokalsamfunn. Fysisk aktivitet og sosiale nettverk har
7 ein positiv effekt på folkehelsa og bidrar å til å forebygge einsemd, depresjon, rus,
8 kriminalitet, psykiske helseproblem mm.

9

10 Vestland Venstre ynskjer meir og betre frivillighet og vil styrke samhandlinga mellom
11 offentleg og frivillig sektor. Vi vil utvikle en heilsakleg frivilligheitspolitikk for fylket
12 Vestland med visjonar for vekst og utvikling i hele sektoren.

13

14 Vestland Venstre ønsker at paraplyorganisasjonar som har fylkesledd innanfor frivillig sektor
15 skal samarbeide og opprette en fellesskap. Dette vil styrke kunnskapen om feltet, optimalisere
16 engasjementet, samkøyre kunnskap og utvide engasjementet i befolkninga.

17

18 Vestland Venstre ynskjer å satse på fylkesledd som Frivillig Hordaland og Sogn og Fjordane.

19

20 Idrett og friluftsliv

21

22 Idrett er viktig både for å fremje folkehelse, ideal og sunn konkurranse.
23 Friluftslivet er ei viktig kjelde til trivsel og folkehelse.
24 Fysisk aktivitet har ein positiv effekt på folkehelsa, anten det er gjennom idrettsaktivitetar
25 eller som aktivitet i friluftslivet.

26

27 Venstre vil :

- 28
- 29
- 30
- 31
- 32
- 33
- Støtte idretten blant anna ved å satse på gode anlegg
 - sikre og støtte tilrettelegging i nærleiken av bustadområde, tettstader og byar
 - Legge til rette for meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen
 - Satse på prosjekt for merking og gradering av turløyper
 - Vidareføre det gode samarbeidet med regionens friluftsråd
 - Stimulere til auka fysisk aktivitet hos barn og unge.

34

35

36

37

38

39

40

41

42

43

1 Folkehelse

2
3 Folkehelseperspektivet er å fremje helse og å forebygge. Helsefremmande arbeid er definert
4 som ”den prosess som gjer folk i stand til å betre og bevare si helse”, medan forebygging
5 oftest er retta mot spesifikke risikofaktorar. Helsefremmande arbeid skaper leve- og
6 arbeidsforhold som er trygge, stimulerande, tilfredsstillande og gir auka trivsel. For å lykkast
7 må folkehelseperspektivet som eit overordna prinsipp takast med inn i alle område. Venstre
8 skal synleggjere gjennom vår politikk konkrete tiltak som både er helsefremjande og
9 forebyggande og slik ha folkehelseperspektivet med i alt vi gjer innan alle politikkområde.

10
11 Nullvisjon for omkomne og skadde i trafikken er eit godt døme på å ha folkehelseperspektivet
12 med inn i trafikksikringsarbeidet. Det kan vi overføre til andre område. Det er eit paradoks at
13 t.d. ved sjølvmord så er det fleire som dør enn i trafikken. Venstre vil ha tiltak som kan bidra
14 til å forebygge sjølvmord. Alle har ei psykisk helse, og nokon har utfordingar med den. Press
15 på dei unge særskilt har ført til at fleire slit med sin psykiske helse. Helsefremmande arbeid
16 skal støtte personleg og sosial utvikling ved å sørge for informasjon, helseopplysning og
17 kunnskap om meistringsteknikkar

18
19 Alle hører til eit lokalsamfunn, og mange deltar i ulike lag og organisasjonar. Den aktiviteten
20 som vert utført av frivillige lag og organisasjonar bidrar til både helsefremjing og
21 forebygging.

22
23 Område som trafikksikring, fysisk aktivitet, generelle helsetiltak, miljø, kultur og samarbeid
24 med frivillige lag og organisasjonar

25
26 Venstre vil:

- 27
- 28 • bidra til stønadsordningar som kan søkjast av lag og organisasjonar som har tiltak som
29 bidrar til helsefremjing og forebygging
 - 30 • følge opp det nasjonale programmet - Program for folkehelse i kommunane - og
31 inkludere heile Vestland fylket i programmet
 - 32 • at fylkeskommunale bygg vert nytta utanom “vanleg opningstid” til både idrett og
33 kulturaktivitetar
 - 34 • ha ein tannhelsestruktur som gjer eit godt tilbod og i distrikta
 - 35 • innføre fylkeskontakt/koordinator for krigsveteranar i Vestland fylke
 - 36 • innføre nullvisjon også mot sjølvmord
 - 37 • Vere forsøksregion for ansvaret for sjukehus

38

39

40

41

42

1 Eit nyskapande Vestland

2
3 Vestland Venstre meiner den nye regionen skal ha ei berekraftig utvikling av næringslivet og
4 vere verdsleiande på einskilde område. Vi skal ha sterk konkurransekraft om menneskelege
5 ressursar og kapital. For å lukkast med dei høge ambisjonane må vi ha ei grunnleggande
6 positiv haldning til berekraftig næringsutvikling, medverka til utvikling og knoppskyting frå
7 eksisterande næringsliv og ny verksemd frå gründerar.

8 Det grøne skiftet skjer raskare og raskare med teknologiske endringar som gir moglegheiter
9 det er viktig at vårt næringsliv dreg nytte av både i eit klima og miljø- og verdimesseg
10 perspektiv. Havbruksnæringa, olje og gassnæringa og marin sektor, er viktige bidragsytarar
11 for å få fram meir framtidsretta og klimavenlege teknologiske løysingar for matproduksjon,
12 CO2 fangst og generell omstilling på viktige område der Noreg er i front på verdsmarknaden.
13 Digitaliseringsutviklinga vil i stadig sterkare grad påverke kvardagen vår. Vestland Region
14 har alle føresetnader for å kome styrka ut av, og å vere ei drivkraft, i denne utviklinga.

15 Samspelet mellom offentleg og privat sektor er vesentleg slik at vi dreg i same retning.
16 Gjennom overordna strategiske planar, føreseielege rammevilkår, utvikling av framtidsretta
17 arbeidskraft og kompetanse, høghastigheitsnett og gode løysingar for samferdsle vil vi kunne
18 få til dette.

19 Landbruk og reiseliv er to av berebjelkane for matforsyning, kulturlandskap, verdiskaping,
20 busettnad, kultur og identitet i vår region. Venstre vil medverke til å utvikle næringane på
21 naturen sine premiss, og med ei målsetjing om ei berekraftig utvikling.
22 Ungt entreprenørskap i skulen er særleg viktig fordi fleire med denne erfaringa seinare vel å
23 skapa arbeidsplassar for seg sjølv og andre. Dette er det viktig å bringa vidare og trekke
24 vekslar på.

25

26 Venstre vil:

27

- 28 • Styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for endå betre å
imøtekome behova til næringslivet og halde fram satsinga på inkubatorar og
næringshagar.
- 29 • Legge til rette for innovasjon i etablerte næringar som allereie har gode føresetnader
for vekst og utvikling
- 30 • Bidra til klyngeutvikling og utvikling av nye, innovative næringsmiljø med
vekstpotensiale
- 31 • Prioritere næringsretta verkemiddel til regionale sentre
- 32 • Vidareføre arbeidet med lokalmat og Vestland som matkultur region
- 33 • Bidra til å legge til rette for utbygging av høghastighets breiband i Vestland.
- 34 • Ha eit godt samarbeid med høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar i fylket.
- 35 • Reiselivssektoren har lange tradisjonar i Vestland, og står for ein viktig del av
verdiskapinga. Vestland Venstre vil stø opp om NCE-satsinga, vidareutviklinga av
destinasjonsselskap, og arbeide for betre kompetanse i sektoren.

41

43

1 [Havbruk:](#)

2

3 Vestland har 2 av Norges mest betydningsfulle fjordar; Sognefjorden og Hardangerfjorden.

4 Venstre ser det som særskilt viktig å ivareta det biologiske mangfaldet og naturens eige

5 økosystem, samtidig som vi ønskjer å inspirere til innovasjon og utvikling av havbruket i

6 fjordane.

7 Fiskeri, havbruk og andre marine ressursar skal være motorar i utviklinga av det nye

8 fornybare Norge. Norge har store moglegheiter til å være verdsleiande i forsking på dyrking

9 og hausting av tang, tare, algar og anna marin forsking.

10 Vestland Venstre meiner oppdrettsnæringa må verte meir berekraftig og samstundes

11 oppretthalde sin posisjon som ein viktig og konkurransedyktig del av næringslivet i Vestland.

12 Stor konsentrasjon av oppdrettsanlegg for laks gjer Hardangerfjorden til en av fire store

13 oppdrettsregionar i verda.

14

15 Omsynet til villaksen må vere eit heilt grunnleggjande omsyn når ein tildeler

16 oppdrettskonsesjonar. Det må ikkje verte gjeve dispensasjonar som utvidar tilgangen til

17 oppdrett når dette kan forvansa villaksen si tilvære, i det vidare arbeide med kystsoneplanen.

18

19 Det må stillast strengare krav til reduksjon av lakselus og rømming av fisk, og satsast meir på

20 forsking og utvikling i oppdrettsnæringa. Slik sikrar ein både levekåra for villaksen og

21 sjøauren, og oppdrettsnæringa.

22

23 Venstre vil:

24

25 • Stø opp om arbeidet med å gjøre Vestland til eit internasjonalt kraftsenter for marin

26 kompetanse.

27 • Legge til rette for utvikling av ny lukka teknologi innan fiskeoppdrett gjennom å

28 prioritere konsesjonar til oppdrett i lukka einingar på land eller i sjø

29 • Vere ein pådrivar for at vi kan auka vår hausting av den blå åkeren frå eksisterande og

30 nye artar oppdrett basert på kunnskap og ny teknologi.

31

32 [Gründerskap:](#)

33

34 Vestland Venstre vil at Hordaland skal bli leiande på næringsutvikling i Noreg, og vil føre ein

35 politikk som fremjar nyskaping og gründerskap. Her er Ungt Entreprenørskap i skulen særleg

36 viktig. Ein vesentleg del av elevar med utdanning i entreprenørskap startar eiga verksemd.

37 For Venstre er det grunnleggande at det offentlege og fellesskapet skal være positive til

38 ønsket om å være sjølvstendig næringsdrivande. Regionens haldning må være at det skal være

39 attraktivt og positivt at innbyggjarane i Vestland ønsker å skape arbeidsplassar for seg sjølv og

40 andre. Ønske om å realisere drøymer må vere attraktivt og ikkje gje en forvansa økonomisk

41 situasjon.

42

43

1 Venstre vil:

- 3 Styrke satsing på Ungt Entreprenørskap i vidaregåande skule
- 4 Følgje opp nystarta verksemder med internasjonalt vekstpotensial
- 5 Halde fram satsinga på inkubatorar og næringshagar
- 6 Ha moderne infrastrukturløysingar

8 Landbruk:

10 Vestland Venstre ser det som viktig å sikre ein trygg og stabil auke i verdiskapinga og
11 matproduksjonen i Vestland. Gardsstrukturen på Vestlandet er slik at det er naudsynt med
12 nytenking og nye idear for at landbruket skal overleve som ei dynamisk næring.

14 Venstre vil:

- 16 Medverke til auka matproduksjon i bymessige strøk, t.d. i parsellhagar.
- 17 At husdyr skal haldast i miljø som gjer god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal
18 vere ein føresetnad for alle typar avl. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av husdyr
19 skal skje med omsorg og respekt for dyra sin eigenart
- 20 Ta i bruk meir av grovfôrressursane i inn- og utmark
- 21 Verne om matjorda og ha ei streng praktisering av jordvernet.
- 22 Jobbe for at det blir enklare å produsere og omsette lokalprodusert mat.
- 23 Leggje til rette for meir nisjeproduksjon og ein breiare og meir variert landbrukssektor
24 som legg større vekt på kultur, kulturlandskap, turisme og opplevelingar knytte til god
25 mat og drikke.
- 26 at all handtering av dyr i landbruket skal skje med omsorg og respekt for dyra sin
27 eigenart.

29 Reiseliv og kulturbasert næring:

31 Venstre vil:

- 33 Stø opp om reiselivet si NCE-satsing, vidareutviklinga av destinasjonsselskap, og
34 arbeide for betre kompetanse i sektoren.
- 35 Utvikle attraksjonar knytt til viktige kulturhistoriske landskap i regionen
- 36 Styrke musea sine vilkår for drift og investeringar
- 37 At samspelet mellom reiselivs- og kulturverksemder skal bidra til auka aktivitet
- 38 Etablere verdsarvsenter på Bryggen
- 39 Legge til rette for verdiskaping knytt til kulturminne
- 40 At cruisetrafikken skal skje på meir klimavenlege vilkår
- 41 Styrke satsinga på produksjons- og formidlingsmiljø for film på Vestlandet

- 1 • Auke nynorskproduksjonar i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle
2 spaserstokken
3 • Styrkje Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater som arenaer for nynorsk, og
4 som kunstinstitusjonar
5